



Referat frå møte i FAU

(Foreldra sitt arbeidsutval)

Tid: Onsdag 29. april 2020 kl. 19.00 – 20.00

Møtestad: Teams

Desse møtte: 2A Gunnhild Sande, 2B Kim Nødset, 3A Lisbeth Strømsli, 3B Astrid Irene Solheim Korsvoll, 4B Maria Steimler, 5A Silje Sægrov Amble, 6B Roger Eide, 6C Astrid Bakke Grimeland, 7A Roger Midtbø, 7B Olivia Sunde (vara) og 7C Nina Masdal.

Representantar: 1A Bjørn Are Vollstad (kunne ikkje møte), 1B Therese Leirdal (møtte ikkje), 1C Vara: Are Gunnar Korsevoll (møtte ikkje), 2A Gunnhild Sande, 2B Kim Nødset, 3A Lisbeth Strømsli, 3B Astrid Irene Solheim Korsvoll, 4A Ståle Randal (møtte ikkje), 4B Maria Steimler, 5A Silje Sægrov Amble, 5B Therese Bøyum (sjuk), 5C Veronika Kvalsvik Løvold (møtte ikkje), 6A Tove E. Klakegg (møtte ikkje), 6B Roger Eide, 6C Astrid Bakke Grimeland, 7A Roger Midtbø, 7B Olivia Sunde (vara) og 7C Nina Masdal.

SAKLISTE

7/20 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Sakliste godkjent

Referent; Astrid Bakke Grimeland

8/20 Nytt frå Førde KFU.

Rosar Turid og kollegiet og Slåtten skule for arbeidet dei gjer. Tek tak i ting, elevane blir sett og høyrte. Det gjeld dei som utfører reinhaldet òg.

KFU-møte 11. mars vart avlyst grunna korona. Meldte inn at dei ynskde at skulane skulle stenge.

Viktigaste sak var korleis ein kan fange opp dei utsette og sårbare barna. KFU har samarbeidd med mellom anna barnevernet om korleis vi kan hjelpe barn og foreldre som har behov for det. Denne saka er løfta fram kommunalt og nasjonalt.

Ang mørketal. Vanskeleg å fange opp. Har hatt kontakt med Vibeke som er helsesjukepleiar på Slåtten. Ho har vore, og vil framleis vere, tilgjengeleg for alle elevane på Slåtten.

Ekstraordinært møte onsdag 22. april: Gikk igjennom skuleopning og rettleiaren. Referat frå det møtet kjem.

Sak på neste møte; Opplæringslovutvalet (nedsett av regjeringa) ønskjer å fjerne lovheimelen som seiar at alle skular skal ha FAU, samarbeidsutval, skulemiljøutval og. Dei ønskjer at det skal avgjerast lokalt om ein vil opprette slike utval.

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Årdal	57 61 28 44	johnny.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no

KFU skal ha møte 6. mai og vil då mellom anna sjå på om dei skal opne skulane også for 5. - 7. klasse.

Viktig å komme med positive tilbakemeldingar til skulen og jobben dei gjer. Kva som bør løftast fram og vidareførast.

9/20 Heimeskule – korleis fungerer organiseringa? Korleis fungerer det for 1. – 4. klasse?

Turid informerte om korleis denne veka har vore på skulen med tanke på kohortar (grupper) og smittevern. Ho opplever at det har vore ein god oppstart. Ho *trur* at resten av skuleklassane kjem til å vere tilbake om to veker i eller anna form.

Det er stort sett berre positive tilbakemeldingar på opplegget rundt heimeskule. Elevane går glipp av sosial samhandling og fysisk kontakt med venner. Dei som har hatt utfordringar med å få gjort skularbeidet har skulen teke kontakt med, og nokre av desse elevane har møtt på skulen.

Slåtten held fram med leksehjelp for 3. og 4. klasse (6. time måndag).

Det blir gjort ein stor innsats av lærarane. Positive tilbakemeldingar frå FAU også.

10/20 Nytt frå arbeidsgruppene i FAU.

Nærmiljø/anlegg

Det har av naturlege årsaker ikkje vore noko framdrift no (korona). Har ei liste med prioriterte oppgåver. Vil komme tilbake til det.

Heim-skule og

Har ikkje hatt møte

Lese/skrive og rekne-gruppa.

FAU har bidrege med midlar til grafisk litteratur til skulebiblioteket. Vi ønsker å løfte fram denne typen litteratur. Dette er litteratur alle vil ha glede av, og kan vere med å skape leselyst hos dei svake lesarane. Vi har kjøpt inn ein god stor gåvepakke med bøker til skulebiblioteket. Dette bør vi publisere som ei gladsak, eit postivt bidrag frå FAU. Vi må finne ein måte å publisere det på. Facebooksida til Slåtten når ikkje så langt. Den nye nettsida er meir statisk og har ikkje same moglegheitene som før. Det kom eit innspel om at skulane kan lage eit nyhendebrev i månaden og legge inn på kommunen si heimeside. Turid og Roger Eide tek det vidare til KFU og Marit Kleiven på kommunen.

Det har vore litt oppussing på biblioteket.

Slåtten skule er ein av tre skular i Sogn og Fjordane som er prioritert for deltaking i Forsøksordning med distribusjon av kulturfondbøker til skulebibliotek, og vil motta kulturfondbøker som er tilpassa målgruppa barn og unge i ein treårsperiode frå 2020 til og med 2022.

[Sjå artikkel](#)

11/20 Arbeid framover. 17. mai-arrangement og dugnad for 1. og 3. klasse foreldre.

Det blir korps, talar og tog. Det blir ikkje lov å gå i toget, men ein kan stå langs ruta og sjå på. Foreløpig ser det ut som vi ikkje kan arrangere 17. mai på Slåtten Skule.

Dugnad: Skulen kunne tenkt seg å gjennomføre vårdugnaden. Skulen må organisere dugnaden slik at vi ivaretek smittevernreglane. Foreldra tek med eige utstyr og evt. kaffi. Det blir ikkje servert sveler.

12/20 Ymse

Innsend sak:

Eg har merka meg at det er endringar på SFO-tilbodet frå hausten. Kanskje vi kan snakke litt om kvifor det er gjort endringar, og kva det vil få å seie på Slåtten?

Mvh
Gunnhild Sande

Johnny informerer: I høve ny kommune; 15 timerstilbodet er vekke, nytt 5 timers tilbod er innført. Vil bli vanskelegare å ha ein god kontinuitet i arbeidet for personalet om mange vel minste tilbodet. Få har valt 5 timarstilbodet så det ser ikkje ut som det vert eit problem, men vi håpar at 15 timarstilbodet kjem tilbake. Dei har meldt tilbake om kva dei meiner om tilbodet til kommuneleiinga. FAU kan kanskje melde tilbake kva ein meiner om saka; at ein ønskjer 15 timerstilbodet tilbake.

FAU vil ta det vidare til KFU.

Astrid bakke Grimeland
Skrivar FAU

Turid Irene Hatlem
Rektor